



Arkivnr: 2014/10441-41

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

**Delegert saksframlegg**

---

**Fylkesrådmannen etter fullmakt**

## **Ny rentebinding for lån i Kommunalbanken**

### **Samandrag**

Rentebindingsperioden for eit lån på 280 mill. kr i Kommunalbanken går ut 29.08.2014. Fylkesrådmannen går inn for å binde renta for ein periode på 7 år. Nominell rente vert 2,76 %.

### **Vedtak**

Renta på eit lån i Kommunalbanken på 280 mill. kr vert bunde fram til 30.08.2021. Nominell rente er 2,76 %, effektiv rente 2,78 %.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Johnny Ernst Stiansen  
fylkesdirektør økonomi

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 26.08.2014**

Rentebindinga for eit lån på 280 mill. kr i Kommunalbanken går ut den 29.08.2014. I perioden 2011-2014 har ein hatt fast rente 3,38% på lånet.

Den 25.08.2014 har ein fått tilbod om ny rentebindingsperiode til følgjande rentesatsar:

Renteregulering:	3 ÅR	4 ÅR	5 ÅR	6 ÅR	7 ÅR
Nominell rente:	2,25 %	2,37 %	2,49 %	2,62 %	2,76 %
Effektiv rente:	2,26 %	2,38 %	2,50 %	2,63 %	2,78 %

Lånet har forfall i 2021, så ein ser det ikkje som aktuelt å gå lenger enn 7 års rentebinding.

Lange renter er no på eit historisk lågt nivå, og rentekurven er relativt flat. I Kommunalbanken er 3 års fastrente lik p.t. renta. Kostnaden ved å gå opp til 7 års rentebinding aukar ikkje med stort meir enn 0,5 %.

Fylkesrådmannen går inn for ny rentebinding i 7 år i Kommunalbanken.